

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
090/18	Formannskapet	PS	18.10.2018
050/18	Levekårsutvalet	PS	16.10.2018
036/18	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	15.10.2018
032/18	Ungdomsrådet	PS	15.10.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Inger Marie Jordal	18/2999

Oppgradering Eikanger skule

Vedlegg :

Eikanger skule - skisse over løysing

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Formannskapet vedtar å oppgradere Eikanger skule som skildra i saka. Total investeringsramme på 3 millionar kroner er i samsvar med økonomiplanen.

.....

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 036/18

RMNF - behandling:

Orientering til saka v/Inger Marie Jordal-prosjektleder Drift eigedom
Ingen merknader, samrøystes.

RMNF - vedtak:

Ingen merknader.

Ungdomsrådet - 032/18

UR - behandling:

Sekretær orienterte i saka.
Ungdomsrådet meiner dette er eit bra tiltak.
Ungdomsrådet vil gjerne notera i saka at elevvar/elevråd bør involverast når det gjeld oppgradering av uteområdet.

UR - vedtak:

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt forslag.

Ungdomsrådet vil gjerne notera i saka at elevar/elevråd bør involverast når det gjeld oppgradering av uteområdet.

.....

Levekårsutvalet - 050/18**LE - behandling:**

Orientering til saka v/Line Merete Valle-einingsleiar Eigedom

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:**Uttale i Levekårsutvalet - 16.10.2018:**

Inger merknader.

Formannskapet - 090/18**FO - behandling:**

Eigedomssjef Line Merete Valle orienterte.

Fellesframlegg:

Tilleggspunkt til rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet bed rådmannen leggja fram utgreiing på kostnad vedrørende betra trafikksikring.

- parkering, dropsone ved Eikanger skule.

Uttalen fra ungdomsrådet vert tatt vidare i saka:

Elevar/elevråd bør involverast når det gjeld oppgradering av uteområdet.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Formannskapet vedtar å oppgradere Eikanger skule som skildra i saka. Total investeringsramme på 3 millionar kroner er i samsvar med økonomiplanen.

Formannskapet bed rådmannen leggja fram utgreiing på kostnad vedrørende betra trafikksikring.

- parkering, dropsone ved Eikanger skule.

Elevar/elevråd bør involverast når det gjeld oppgradering av uteområdet.

Saksopplysningar:
Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsrådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og levekårsutvalet.

Saka skal avgjerast i formannskapet.

Bakgrunn

Viser til vedtak i kommunestyret 03.05.18, kulepunkt 3:

«Eikanger skule blir oppgradert. Detaljert plan for oppgraderinga blir å leggja fram for formannskapet i eiga sak. Investeringsramme og driftskostnader blir innarbeidd i økonomiplanen for 2019-2022.»

Det er i økonomiplanen for 2019 avsett 3 millionar kroner til oppgradering av Eikanger skule. Denne saka viser korleis desse midlane er tenkt nytta.

Vurdering

Det er sett av 3 millionar kroner til oppgradering av eksisterande skule. Midlane er tenkt nytta for å betre situasjonen midlertidig, men ein får ikkje ei fullverdig løysing for skulen.

Hovudutfordringa på skulen er mangel på spesialrom. Det er tenkt løyst ved å etablere ei ny etasje på eksisterande paviljong. Skulen vil då få tre nye ordinære klasserom og to nye grupperom i paviljongen. Det betyr at alle elevane hovudsakleg får klasserom i paviljongen. Spesialrom vil bli løyst i hovudbygget.

Tre ordinære klasserom i hovudbygget vert omdisponert til naturfagsrom, kunst- og handverksrom og rom for lærararbeidsplassar. Det er foreslått å kjøpe inn nokre nye sløydbenkar, etablere kjemikalieskap og eksperimentenskap på naturfagsrommet, kjøpe kontormøblar til lærararbeidsplassane, maling, samt avsette midlar til leikearealet utomhus.

I tillegg er det foreslått påkopling til offentleg vatn. I dag er det borrehol og pumpe. Når straumen er vekke er skulen utan vatn og må stengje. Det er og klagar på vasskvaliteten.

Oppsummert viser vedlagt tabell investeringstiltaka som er foreslått.

Investeringstiltak:	
Paviljong - etableringskostnader. Her inngår straum, data, brannalarm, søknad mm.	1 800 000 kr
Tilkopling offentleg vatn inkl. gebyr	480 000 kr
Kunst- og handverk. Innkjøp av sløydbenkar.	50 000 kr
Naturfagsrom. Etablering av avtrekk.	10 000 kr
Kontormøbler til lærararbeidsplassar	260 000 kr
Bygningsmessig tilpassing	50 000 kr
Utomhus. Etablering av meir leikeareal.	350 000 kr
Totale investeringskostnader	Ca. 3 millionar kroner

Utfordringane med gymnastikksal vert ikkje løyst. Skulen må basere seg på skyss til Ostereidet skule for å ha kroppsøving i eigna lokalar.

Det er ikkje sett av midlar til utbetring av trafikksituasjonen på skulen.

Ei permanent løysing for gymnastikksal og trafikksituasjonen krev meir omfattande tiltak som regulering. Ei regulering vil ta tid. Statens Vegvesen har varsla at dei vil komme med motsegn ved oppstart av reguleringsplanar innanfor korridor for ny E39. Det er og store kostnader knytt til desse tiltaka.

Leige av ny etasje i paviljong vil ha ei månadleg kostnad på ca. 50 000 kr. Dette vert tatt av driftsbudsjettet.

Paviljongens 2. etasje samt løfteplattform vil ha ei utgift til demontering og returfrakt på ca. 500 000 kr. Desse kostnadene er ikkje medtatt.

Tilråding

Rådmannen rår til å oppgradere Eikanger skule som skildra i saka. Total investeringsramme på 3 millionar kroner er i samsvar med økonomiplanen.

.....